

Gbnr. 244/41+45. Sak 14/6441.

Referat frå møte 17.12.2014. Rådhuset.

Til stade:

- Tommy Gulbrandsøy – tommy@atr-eiendom.no
- Frode Haugsvær – frode@fh-maskin.no
- Sigmund Holmås – sigmund@sh-oppmaaling.no
- Bjørn R. Kvinge – post@brkvinge.no
- Benjamin Hicks – benjamin.hicks@lindas.kommune.no
- Tor Hegle – tor.hegle@lindas.kommune.no

Reguleringsplan for Eidsnes næringsområde. Id.: 1263-201115

1. Det er i føresegnene sin §1.2, sett krav til kva dokumentasjon som rammesøknad skal innehalde.
2. Etablering av deponi er ikkje tatt med/vist i reguleringsplanen. Dersom dette skal etablerast, må anten reguleringsplanen endrast – eller – det må søkjast om dispensasjon frå reguleringsplanen.
3. Eksisterande fyrverkerilager.
Føresegnene sin §1.5.1 har krav i forhold til eksisterande fyrverkerilager på staden. Nabomerknad frå eigar av lageret må sendast på høyring til DsB. Byggesaksavdelingen sender merknaden på høyring.
4. «§1.5.2. Ved innsending av rammesøknad for kvart delfelt skal det føreligge:
- VA-plan som skal godkjennast av kommunen.
- Massehandsamingsplan som skal godkjennast av kommunen. Massehandsamingsplanen skal vise skjeringar og fyllingar».

Rekkefølgjekravet i føresegnene sitt pkt§1.5.2, sett krav til **heile** delfeltet i planen (Her oppfatta som at det er to delfelt i planen: KBA1 og KBA2).

- VA-plan er teknisk godkjent av Driftseininga. Det vert vist til epost frå Driftsavdelinga v/Atle Dingen datert 30.10.2014.

Godkjenninga frå Driftseininga er ei teknisk godkjenning av dimensjonar, tilknyttingar m.v. VA-anlegget er søknadspliktig etter pbl og forureiningslova. Denne søknaden må ligge føre før det kan etablerast bygningar på staden og/eller før eigedomar kan delast frå.

- Massebehandlingsplan (For kvart delfelt KBA1+KBA2).

Utanom det som framgår av teksta i føresegnene, er det meint ein strategi korleis masser er tenkt behandla. Dette omfattar mellom anna undersøking av grunn, utrekning av mengde lausmassar, matjord og ubrukbare massar. Kva massar som skal leverast godkjent deponi og korleis masseballanse er planlagt i området gjennom profilar. Korleis masser sorterast på staden. Her må takast med korleis det skal etablerast rigg(plan) og korleis ein unngår risting frå sprengning (som kan verke inn på fyrverkerilageret).

Dersom massene skal nyttast utanfor regulingsområde t.d. i LNF-område må dette gjerast etter bakkeplaneringsforskrifta. Det er landbrukskontoret som må godkjenne bakkeplanering i LNF-område.

5. Om avkøyrsløse.

Føresegnene sin §1.5.3 sett krav til opparbeiding av avkøyrsløse til det aktuelle delfeltet – og at det må opparbeidast etter krav frå vegmynde (Vegnormal). Rekkefølgjekravet er at dette

må vere ferdig opparbeid – før ein kan gjere andre tiltak (t.d. terrengarbeid). Det må soleis leggast fram teikningar/profilar av den aktuelle avkørsle/tilkomstvegen (her aktuelt f_v4) som er vist i planen i søknaden (Sjå her §1.3).

Andre vegar i delfeltet.

Dersom det skal gjerast terrengarbeid på delar av delfeltet (t.d. ein del som er avgrensa til sør for akse/avkøyrslé f_v4 til KBA2), må det legast fram ein planteikning til korleis vegutløysinga for heile feltet KBA2 er tenkt (t.d. nord for akse/avkøyrslé f_v4 til KBA2). Vegframføringa må kunne vere gjennomførbar.

Ein gjermerksam på §2.4.8 der det går fram: «Veg skal opparbeidast til naboeigedom som har vegrett gjennom planområdet». Ein reknar ned at dette gjeld Gbnr 244/5.

6. Høyring.

Føresegnene sin §1.4 og §1.5.5, sett krav til høyring ved søknad om byggetiltak.

7. Om Terrengskjæring.

Føresegnene sin §1.9, sett krav til at terrenget skal behandlast «skånsomt». Søknad om tiltak må stette dette. Dersom det vurderast å søkje om dispensasjon frå §1.9, må søknaden seie noko om det regulerte området utanfor skjæringa (Her – mellom anna om vegutløysing nord for skjæringa).

8. Om anleggsarbeid.

Ein gjer merksam på krava til anleggsarbeid i §1.18., der det er sett krav til at «Særleg forstyrrende anleggsarbeid skal leggjast utanfor gyteperioden for torsk frå januar til og med april». Ein reknar med at dette mellom anna gjeld sprengningsarbeid.

Ref. Tor Hegle, 9.01.15.